

Høna trippar i berget

Det var ein gong ei gammal kone. Ho hadde tre døtrer. Det einaste dei eigde, var ei høne. Men ein dag blei høna borte.

«Du får dra ut og sjå etter høna,» sa ho til den eldste dottera.

Dottera gjekk ut, men fann inga høne. Brått hørde ho ei stemme som sa:

«Høna trippar i berget, høna trippar i berget.»

Ho gjekk for å sjå, men då fall ho gjennom ein lem i bakken. Under bakken kom ein stor, stygg bergmann mot henne.

«Vil du vere kjærasten min?» spurde bergmannen.

Det ville ho ikkje, og då blei bergmannen så sint at han vrei hovudet av henne, og kasta kropp og hovud i kjellaren.

Då den eldste søstera ikkje kom heim, sende kona ut den mellomste søstera. Ho fann heller inga høne, men brått hørde ho også ei stemme som sa:

«Høna trippar i berget, høna trippar i berget.»

Ho gjekk for å sjå, men brått fall også ho gjennom lemmen i bakken. Under bakken kom den store, stygge bergmannen mot henne.

«Vil du vere kjærasten min?» spurde bergmannen.

Det ville ho ikkje, og då blei bergmannen så sint at han vrei hovudet av henne også, og kasta kropp og hovud i kjellaren, ned til søstera.

No blei kona uroleg og sende ut den yngste søstera for å leite etter dei to andre og høna. Ho fann ingenting, men hørde brått nokon som sa:

«Høna trippar i berget, høna trippar i berget.»

Ho gjekk for å sjå, og då fall også ho gjennom lemmen i bakken til søstrene sine. Så kom den store, stygge bergmannen mot henne.

«Vil du vere kjærasten min?» spurde bergmannen.

«Ja, det kan eg godt,» sa ho. For ho forstod kva som hadde skjedd med søstrene hennar. Dermed blei ho hos bergmannen.

Ein dag spurde jenta om ho kunne få bere litt mat heim

bergmann:
troll



til mora si, ho svolt så fælt. Det fekk ho ikkje lov til, men bergmannen sa at ho skulle stappe mat i ein sekk, så skulle han bere han heim til mora. Jenta fylte ein sekk med sølv og gull, og la litt mat på toppen. Ho fekk bergmannen til å love at han ikkje skulle opne sekken for å sjå kva som var i han. Bergmannen bar alt saman heim til mora.



Ein dag fall ein geitebukk ned i lemmen. Bergmannen vrei hovudet av han og kasta han i kjellaren. Men jenta sa at ho ville at bukken skulle leve. Då tok bergmannen fram ei krukke. Han sette hovudet på bukken og smurde det som var i krukka, på halsen til bukken, så levde bukken igjen. Då fekk jenta ein idé til korleis ho skulle redde søstrene sine. Ho sa at bergmannen måtte bere heim meir mat til mora. Så tok ho hovudet til den eldste søstera, sette det på kroppen hennar og smurde halsen hennar med det som var i krukka. Søstera levde. Så blei søstera lagd i ein sekk, og bergmannen bar henne heim til kona.

Etter ei stund skulle bergmannen bere heim meir mat til kona, og då gjorde jenta akkurat det same med den mellomste søstera, og bergmannen bar sekken heim. No var begge søstrene hennar heime hos mora.

Ein dag bergmannen gjekk ut, sprang jenta sjølv også heim til mora. Ho tok med seg ein skyttar. Då bergmannen fann ut at jenta hadde rømt, og at søstrene også var borte, förstod han kva som hadde skjedd. Han sprang heim til kona, men då han nærma seg huset, skaut skyttaren. Bergmannen sprang heim igjen fordi han trudde det var torevêr. Og akkurat då han skulle hoppe ned i holet i bakken, kom sola fram, og bergmannen sprakk. Det er visst masse gull og sølv i bakken der enno, om du berre klarer å finne lemmen.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 39.

Gjer oppgåvene 1–9.